



- eit fyrstårn i vest

# Friluftsliv i Øygarden

Kunnskapsgrunnlag til  
arealdelen til kommuneplanen 2027-2039



I Øygarden er det over tid gjennomført fleire kartleggingar og verdsetting av friluftsområde. Denne rapporten viser ei oversikt over dei viktige friluftsområda vi har, og som vi må ta vare på for framtida.

Datert: 21.10.2024

**OYGARDEN.KOMMUNE.NO**

## Innhald

1. Naturopplevingar og friluftsliv er viktig for innbyggjarane i Øygarden .....	3
2. Kartleggingar og verdsetting av friluftsområda i Øygarden .....	3
3. Vi har friluftsområde i heile Øygarden .....	4
4. Korleis kan vi ta vare på friluftsområda for framtida? .....	5
5. Vidare arbeid.....	5
6. Verkemiddel i arealdelen til kommuneplanen.....	6
7. Kjelder.....	6

## 1. Naturopplevingar og friluftsliv er viktig for innbyggjarane i Øygarden

Friluftsliv gir gode opplevingar, trivsel og betre helse. Naturglede og opplevingar bidreg også til meir kunnskap og forståing for natur- og miljøvern. Norske friluftslivstradisjonar bygger på allemannsretten, men denne retten gir ingen garanti for at alle friluftssareala blir verande utmark (landbruks,- natur- og friluftssformål i arealdelen til kommuneplanen) som alle kan ferdast i.

Naturområda vert utsett for press, og nokre stader redusert i størrelse eller utsett for lys- og lydstry. Utbyggingsprosjekt tek ikkje alltid godt nok omsyn til eksisterande bruk og tilkomst til friluftssområda. Samstundes er aktiv landbruksdrift med beite og skjøtsel av kystlyngheier og utmarksbeite viktig for at friluftssområda våre vert oppretthalden, og ikkje gror att. Tidlegare medverknadsprosessar viser at innbyggjarane våre er opptekne av å ta vare på naturen vår til friluftsliv og fotturar. I arbeidet med kulturplanen vart følgjande sitat sendt inn:

*Turgåing er det som er mest aktuelt for oss eldre. Men dessverre har vi mindre og mindre grønne områder. Berre hus, leiligheiter, asfalt og betong. Det er trist.*

Innbyggjarane i Øygarden nyttar i stor grad naturen til tur og friluftsliv, noko som viser seg att i den aukande interessa for dei merka fotturane i Kystpasset. Frå 2019, då dei 30 turane frå sør til nord i kommunen vart lansert, har både utdelte kystpass og innsjekkingar frå turområda auka.

## 2. Kartleggingar og verdsetting av friluftssområda i Øygarden

Kommunane har ansvaret for å sikra at friluftslivssområde blir tekne vare på gjennom arealplanlegginga. Kartlegging og verdsetting av friluftssområde er derfor eit viktig kunnskapsgrunnlag for kommunane. I Øygarden er det over tid gjennomført slike kartleggingar.

I 2016 og i 2017 vart det gjort eit omfattande arbeid med å kartlegga og verdsetta friluftssområda i alle dei tre gamle kommunane. Her er friluftssområda kategorisert ut i frå om dei er svært viktige, viktige eller registrerte friluftssområde. Resultatet frå dette arbeidet viser at ein stor del av friluftssområda i Øygarden er vurderte til å vera svært viktige.

Andre kartleggingar og oversikter over friluftsliv i Øygarden:


- [Nærturterreng i Fjell 2013](#)
- [Ro- og padleruter i Vestland](#) – eit pågåande arbeid: [Padleguide – Bergen og Omland Friluftsråd \(bof.no\)](#)
- Hovudferdselsårer i Øygarden – eit pågåande arbeid.
- [Badeplassar - Øygarden kommune \(oygarden.kommune.no\)](#)

### 3. Vi har friluftsområde i heile Øygarden

#### Kartlagde og verdsette friluftsområde

I Øygarden er det dei store og samanhengande naturområda som ofte er kategorisert som dei svært viktige og viktige friluftsområda, medan dei som er kategoriserte som registrerte gjerne er nærturområde eller gir tilgang til sjø.

Store samanhengande friluftsområde har høgare verdi når det kjem til naturverdiar og kulturmiljø. Dei registrerte områda kan også vera viktige, fordi dei ofte er mindre og fungerer mest som nærturar for dei som bur i området. Derfor bidreg dei gjerne med størst helsegevinst.



Kartet viser kartlagde friluftsområde

Veven av store og små naturprega område, som parkar, friområde, turdrag og andre ubygde areal med naturpreg, korleis desse vert nytta og kva for kvalitetar dei har, er eit viktig grunnlag for arealplanlegginga. Dei grønne lungene, turstiane og friluftsområda nær bustadområde, skular og barnehagar bør vi prioritera å ta vare på for folkehelsa vår.

#### Statleg sikra friluftsområde

Nokre av dei spesielt attraktive og mykje bruke friluftsområda våre er statleg sikra ved oppkjøp av miljødirektoratet. I Øygarden har vi om lag 30 slike statlege sikra friluftsområde. Desse vert drifta og

tilrettelagde av Bergen og omland friluftsråd. <https://www.vestkystparken.no/> Ved desse områda vert det satt fokus på god tilgjenge for alle, tilkomst og utsett for kajakk/kano, toalett/utedo og parkering.

### Turløyper og oppleveringar i Øygarden

I Øygarden har vi mange kjende og mykje nytta turløyper. Desse er del av turløyper merka av Sotra og Øygarden Turlag som Kystpasset, eller eit nett av gamle vandrarruter i kulturlandskapet merka som Nordsjøløypa. Fleire stadar går Kystpasset og Nordsjøløypa i same turløype. I tillegg til alle turløypene har vi badeplassar, utsiktspunkt, dagturhytter, kunst og kulturminne i naturen, fine omgjevnader for aktivitetar som å ro eller padla, klatra og overnatta i naturen.

## 4. Korleis kan vi ta vare på friluftsområda for framtida?

I samfunnsdelen har vi vedteke målsettinga «Øygarden er staden for gode naturopplevingar, fordi vi tek vare på naturen vår, på land og i sjø»

Samfunnsdelen inneheld også strategiar som at vi skal sørgja for at naturen og turområda skal vera lett tilgjengelege, også frå der vi bur. Vi skal leggja til rette for at det er lett å ta i bruk dei viktigaste friluftsområda våre, noko som også inneber å finna stader for fasilitetar og utfartsparkering (konkretisert i strategisk plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023 – 2027). Samfunnsdelen seier at vi også skal leggja til rett for aktivitetar ved sjøen.

Samanstillingar av kartleggingar og registreringar viser at vi har friluftsområde fleire stader der vi også har planlagt å bygga ned areal. Kartforteljinga Verdier i Øygarden viser kva stader vi planlegg å bygga ned, kva type utbygging vi til no har prioritert framfor friluftslivsinteresser og kva type friluftsområde vi har planlagt å bygga ned.

## 5. Vidare arbeid

Både denne rapporten og [kartforteljinga Verdier i Øygarden](#) vil bli oppdatert med ny kunnskap, etter kvart som arbeidet med arealdelen til kommuneplanen 2027-2039 går framover. Som nemnt pågår det arbeid med Hovudferdselsårer og ro- og padleled, som vil kunna vera ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget.

I det vidare arbeidet med arealdelen til kommuneplanen 2027-2039 skal vi blant anna arbeida meir med konflikhtar mellom friluftsliv og planlagt utbygging:

- Har vi turar eller friområde som står i fare for å verta stengde eller vanskeleg tilgjengelege som følgja av planlagt utbygging?
- Kva meiner innbyggjarane våre er viktig friluftsområde?
- Kva er balansen mellom tilrettelegging for friluftsliv og å ta vare på naturen? Bør vi unngå inngrep langs lange ferdelsårar, og fokusera på å laga rom for tilrettelegging og fasilitetar i Vestkystparken?
- Kvar skal vi prioritera tilrettelagde friluftsområde som treff fleire grupper i befolkninga, som uføre, eldre, barn og unge og funksjonsfriske?
- Kvar skal vi prioritera tilrettelagde areal for fasilitetar og parkering?

## 6. Verkemiddel i arealdelen til kommuneplanen

Friluftslivsområde utanfor dei tettbygde områda i kommunen vert som oftast satt av til landbruks-, natur- og friluftslivsformål (og reindrift), LNFR-område, i arealdelen til kommuneplanen. Mange friluftslivsområde ligg i eller tett opptil eit utbyggingsområde. Då vil formålet grøenstruktur kunna nyttast, eventuelt med underformåla blågrøn struktur, naturområde, turdrag, friområde og park, overvasstiltak eller kombinerte formål for grøenstruktur.

I arealdelen til kommuneplanen skal den overordna grøenstrukturen fastsettast, både for å oppretthalda eksisterande grøenstruktur, etablera ny eller reetablera grøenstruktur som har gått tapt gjennom utbygging.

Underformålet friområde er grøne areal som skal ervervast og opparbeidast til allmenn bruk og opphald. Det kan til dømes vera areal til leik, bading, ballspel og annan fysisk aktivitet. Grunneigarar kan på visse vilkår ha rett til å krevja at areal satt av til offentlege friområde vert innløyst. (Pbl. § 15-1.)

For land langs sjø, vassdrag og område nært opp til vassdrag som er del av grøenstrukturen, kan kommunen nytta arealformålet bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone. Natur- og friluftslivsområde kan vera eit aktuelt underformål.

Det er ikkje underformål til LNFR formålet i arealdelen til kommuneplanen. Dersom friluftsliv er hovudaktiviteten som det skal takast særleg omsyn til i eit område, kan omsynssone for friluftsliv nyttast. Til ei omsynssone kan det knytast retningslinjer. (Pbl. § 11-8 punkt c, sone med særskilt omsyn til friluftsliv.) I dei fleste av friområda våre har vi også viktige naturtypar vi har ansvar for å ta vare på, som kystlynghei. Sjølv om eit område er viktig for friluftsliv, vil det ofte vera behov for visa dette som verdifullt for naturmangfaldet med omsynssona særskilt omsyn til naturmiljø (Pbl. § 11-8 bokstav c).

## 7. Kjelder

Miljødirektorartet - Friluftslivsområder – kartlagte

Miljødirektorartet - Friluftslivsområder - statlig sikra

[Friluftsliv i arealplanlegging - miljodirektoratet.no](https://www.miljodirektoratet.no/tema/friluftsliv-i-arealplanlegging)

[Nærturterreng i Fjell 2013](#)

[Opplev Øygarden - Øygarden kommune \(oygarden.kommune.no\)](https://oygarden.kommune.no/)

[Kystpasset 2024 - Øygarden kommune \(oygarden.kommune.no\)](#)

[Padleguide – Bergen og Omland Friluftsråd \(bof.no\)](https://bof.no/)

[Norges klima- og miljømål \(miljodirektoratet.no\)](https://www.miljodirektoratet.no/)